



HJELMELAND
TEATER
UNGDOMSTEATERET

v/Morten Hetland
Eikehaugen 41
4139 Fister

tlf. 45 43 69 05
produsent@teaterlaget.no
teaterlaget.no

Skodespelarkontrakt

Gjennom medlemskap og aktiv deltaking i Ungdomsteateret til Hjelmeland Teater skal eg få:

- Utvikla ferdigheiter i samspel på scenen, og få kjennskap til ulike uttryksformer.
- Utvikla og bruka kropp, stemme og tanke gjennom ulike øvingar i skodespelarteknikk.
- Utvikla mine kunstnariske sansar og skapande krefter, læra om prosessen i eit teaterstykke.
- Utvikla evna til å reflektera rundt mi eiga rolle i samarbeidet på og bak scenen.
- Utvikla kunnskapar om korleis Ungdomsteateret fungerer som organisasjon, og korleis ulike personar samarbeider for å skapa ei teaterframsyning.

Sidan aktivitetane i Ungdomsteateret handlar om å skapa noko saman, i ein prosess frå oppstart til framsyning, forstår eg at eg må vera til stades både fysisk og mentalt. Viss ikkje vil det gå utover både mi eiga læring og læringa til dei andre ungdommane i gruppa. Difor skal eg, med hjelp frå foreldre/føresette og instruktørar

- møta presist til øvingane
- slå av mobilen under øvingane
- følgja instruksjonane som blir gitt
- følgja med på dei andre medlemmene når eg sjølv ikkje står på scenen

Å velja teater som fritidsaktivitet handlar om å prioritera og disponera tida si. Å medverka i ei framsyning kan til tider vera hardt arbeid, og kan ta mykje tid under prøvane og gjennom produksjonstida. Eg forpliktar meg difor til å møta til øvingane, både dei faste øvingane kvar veke, og i eventuelle øvingshelger som blir sette opp.

Lekser eller prøvar på skulen er ikkje gyldig fråver, då eg må læra meg å planleggja for å få tid til både teater og skulegang. Gyldig fråver er til dømes sjukdom eller arrangement i regi av skulen. Viss eg har meir enn tre ugyldige fråversdagar, kan eg risikera å mista rolla/rollene mine.

medlemmen si underskrift

Eg har som forelder/føresett ansvar for å hjelpa ungdommen min til å koma presis til øvingane, og til å prioritera aktiv deltaking i Ungdomsteateret. Ved gyldig fråver (sjukdom eller arrangement i regi av skulen), skal eg så tidleg som mogleg melda frå på SMS til tlf. 45 43 69 05.

*forelder/føresett si underskrift
(for medlemmer under 18 år)*